



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

Saksprotokoll

Utvalg: Fylkesutvalget
Møtedato: 16.12.2014
Sak: 220/14

Resultat: Innstilling vedtatt

Arkivsak: 14/18313

Tittel: **SAKS PROTOKOLL: FORSLAG OM Å OPPHEVA HEILE
KONSESJONSLOVA OG FØRESEGNENE OM BUPLIKT I
ODELSLOVA. HØYRING**

Behandling:

Det ble protokollert:

Terje Halleland, FrP fremmet følgende forslag:

Fylkesutvalget i Rogaland støtter landbruks- og matdepartementet sitt forslag om å oppheva konsesjonslova.

Det bør i det vidare arbeidet leggjast vekt på ordningar som reduserer andelen leigejord og sikrar aktive bønder eigarskap til landbruksareala.

Fylkesutvalget meiner at konsesjonslova hindrar omsetning av landbrukseigedomar som ein samla enhet. Dagens moglegheit for oppsplitting av landbrukseigedomar for å unngå priskontroll på delar av av eigedommen er i seg sjølv eit argument for oppheving av konsesjonslova.

Votering:

Innstillingen ble vedtatt med 9 mot 6 stemmer (FrP, f.ordf./H, Egaas/H, Sæstad/H, Simonsen/H) som ble avgitt for forslaget fra Halleland.

Vedtak:

Rogaland fylkeskommune støttar ikkje forslaget om å fjerna konsesjonslova. Det er ikkje i samsvar med landbrukspolitikken i Rogaland. Landbrukspolitikken i Rogaland er forankra i regionalplan landbruk. Ei fjerning av konsesjonslova vil gjera det vanskelegare for Rogaland å oppfylle dei regionalpolitiske måla for landbruket i Rogaland.

Saksutgreiing

FORSLAG OM Å OPPHEVA HEILE KONSESJONSLOVA OG FØRESEGNENE OM BUPLIKT I ODELSLOVA.

HØYRING

Trykte vedlegg: Høyringsbrev frå LMD dagsett 15. oktober 2014.
Høyringsnotat frå LMD dagsett 15. oktober 2014.

Utrykte vedlegg:

Stortingsmeldinga om landbruket Velkommen til bords.

Stortingsmeldinga om regional- og distriktpolitikken.

Regionalplan landbruk.

Regionalplan for næringsutvikling.

Konsesjonslova

Odelsslova

Brev frå Landbruksdirektoratet dagsett 16. oktober 2014, (finnast på heimesida til Fylkesmannen, landbruk).

Utkast til planprogram regionalplan for sjøareal dagsett september 2014.

1. Bakgrunn

Landbruks- og matdepartementet, LMD, har på høyring eit forslag om å oppheva heile konsesjonslova og føresegnene i odelsslova som gjeld buplikt. Departementet meiner omsynet til eit *enhetlig* regelverk talar for å fjerna reglane om buplikt i odelsslova. Det tyder at om konsesjonslova ikkje vert oppheva, vil framlegget om endring av odelsslova ikkje vera aktuelt.

Forslaget om å fjerna heile konsesjonslova inneber at plikta til å søkja konsesjon ved overtaking av fast eigedom, priskontrollen og buplikta forsvinn. Det inneber at kommunane ikkje kan laga eigne forskrifter om nedsett konsesjonsgrense for bebygd eigedom. Det er ikkje forslag om å erstatta konsesjonslova med noko anna. Forslaget inneber ei total deregulering av erverv av fast eigedom kor det er marknaden, og ikkje lenger det offentlege som skal bestemme.

Bakgrunnen for forslaget er å styrka den private eigedomsretten, råderetten over eigen eigedom og å auka omsetnaden av landbrukseigedomar. Departementet seier konsesjonslova hindrar ein effektiv marknad.

Grunngjevinga frå departementet for å oppheva konsesjonslova: *Konsesjonslovens bestemmelser kan begrense selgers vilje til å legge eiendommen ut for salg i et åpent marked. Reglene kan derfor være til hinder for et effektivt marked for omsetning av konsesjonspliktige landbrukseiendommer. Dette kan blant annet få som følge at rekrutteringen til næringen svekkes. Videre kan markedsbegrensinger gjøre det vanskelig for aktive næringsutøvere å få kjøpt tilleggsjord, noe som igjen på sikt kan svekke mulighetene for effektiv og rasjonell landbruksdrift. Gjeldende bestemmelser kan også dempe investeringslysten og derved svekke grunnlaget på en del eiendommer.*

Departementet meiner ei fjerning av konsesjonslova gir ei auka omsetning av landbrukseigedomar. Dei viser til at det er usikkert om buplikta eigentleg fungerer når det står over 30 000 tomme gardsbruk spreidd ikring i landet. Bakgrunnen for å fjerna konsesjonslova er og å gjera forenklingar og å redusera landbruksbyråkratiet.

Forslaget endrar ikkje noko på plikta til å driva jordbruksareala. Ho er heimla i jordlova.

2. Problemstilling

Fylkesutvalet skal gi høyringsuttale til eit forslag frå Landbruks- og matdepartementet, LMD, om å oppheva heile konsesjonslova og føresegnene om buplikt i odelslova. Høyringsfristen er 15 januar 2014.

For å gi høyringsuttale, skal fylkesutvalet vurdere om forslaget samsvarar med den regionale landbrukspolitikken i Rogaland og måla i regionalplan landbruk?

3. Saksopplysingar

Kva er meininga med konsesjonslova?

Gjeldande konsesjonslov vart vedteken hausten 2003 og iverksett våren 2004. Ho syter for at erverv av fast eigedom er i samsvar med samfunnet sine mål og behov for korleis utnytta eigedomen og ressursane på eigedomen.

Føremålet med konsesjonslova Å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og sikre eier og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, jf. § 1 i lova. Bestemmelsen gir en vid ramme for hvilke hensyn som kan trekkes inn.

Lovens formålsbestemmelse legger opp til at en rekke hensyn skal tilgodeses. Dette gjelder blant annet hensynet til framtidige generasjoners behov, landbruksnæringen, behovet for utbyggingsgrunn, hensynet til miljø, allmenne naturverninteresser og friluftsinnteresser og hensynet til bosettingen.

Hovudregelen er at all fast eigedom ikkje kan ervervast utan konsesjon. Omgrepet erverv omfattar i utgangspunktet alle former for overtaking som gåve, arv, kjøp, skifte, makeskifte, tvangssal, ekspropriasjon m.m..

Det er så mange unntak frå hovudregelen at i realiteten så gjeld konsesjonsplikta og buplikta berre overtaking av 1) landbrukseigedom over 100 dekar kor minst 25 av desse er fulldyrka og overflate dyrka jord, eller meir enn 500 dekar skog og eigedomen har hus som kan brukast til heilårsbustad og 2) overtaking av fast eigedom kor kommunen har vedteke lokal forskrift om nedsett konsesjonsgrense.

Det er kommunane som har mynde til å handsama og avgjera ein søknad om konsesjon. Konsesjonslova heimlar kva omsyn kommunen særleg skal leggja vekt på når dei vurderer og avgjer søknader om konsesjon for erverv av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål. Uttrykket landbruksføremål har ein vid definisjon og omfattar i lova jord-, skog-, og hagebruk, reindrift og tilleggsnæringar som turisme, sal av gardsprodukt, utleieverksemd i samband med jakt m.m..

Kommunen skal særleg leggja vekt på: *om den avtalte prisen ivaretar hensynet til en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling, om erververs formål ivaretar hensynet til bosettingen i området, om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning, om erverver anses skikket til å drive eiendommen, om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet.*

Lista er ikkje uttømmende og kommunen kan trekkja inn andre omsyn som kommunen meiner er viktig for å nå samfunns- og landbrukspolitiske mål i eigen kommune.

Kva er buplikta?

Buplikta vart ein del av konsesjonslova i 1974.

Kommunen kan enten gi konsesjon, avslag eller konsesjon med vilkår. Lova er klar på at kommunen ikkje kan setja vilkår som ikkje kan forsvarast opp mot omsynet til samfunnsinteressene som lova skal ivaretake

Det er tre kategoriar buplikt i konsesjonslova: 1) Lovbestemt buplikt som seier at nær slekt og odelsberettiga er unntatt frå konsesjonsplikta. Føresetnaden er at ervervaren buset seg på eigedomen innan eit år og bur på eigedomen i minst fem år. 2) Buplikt som konsesjonsvilkår. I følgje LMD er det vanleg å setja vilkår om buplikt ved erverv av landbrukseigendomar, og då slik at den nye eigaren skal busetja seg på eigedomen innan eit år, og bu på eigedomen i fem år, og 3) Buplikt i kommunar med nedsett konsesjonsgrense. Kommunane kan vurdere dette kor det er naudsynt å hindra at hus som har blitt brukt til heilårsbustad blir nytta til fritidshus. I Rogaland har Kvitsøy kommune og Forsand kommune konsesjonsplikt på all bebygd eigedom. Intensjonen er å oppretthalde og styrke busettinga med å sikre ein forsvarleg pris på bustadhus, fast busetting og å oppretthalda busettingsmønsteret.

Landbrukspolitikken i Rogaland

Fylkestinget vedtok regionalplan for landbruk i Rogaland våren 2011. Regionalplan landbruk er den regionale landbrukspolitikken i Rogaland. Rogaland har ein regionalt tilpassa landbrukspolitikk.

Dei regionalpolitiske måla for næringsutvikling i landbruket i Rogaland.

Den overordna visjonen er eit livskraftig landbruk i heile fylket. Fylkestinget seier då dei vedtok den regionale landbrukspolitikken: *Fylkeskommunen meiner det er viktig å syte for ei balansert utvikling av landbruket i alle delane av fylket.*

Fylkeskommunen meiner det er viktig å ha ei differensiering av verkemiddel for å støtte opp om eit livskraftig landbruk i heile fylket.

Landbruket i distrikta er viktig å oppretthalda og vidareutvikla, for å nå målet om auka matproduksjon. Det er klart uttala frå næringsorganisasjonane og frå fylkeskommunen i innspel til jordbruksforhandlingane, at skal me klare å auke matpropduksjonen, så må me ta heile fylket i bruk og då særleg beite- og utmarksressursane.

Handlingsprogram næring 2015 i Rogaland, har matproduksjon og auka bruk av utmarksressursane som prioriterte område for næringsutvikling i landbruket. Bruk og utnytting av beiteressursane og utmarka heng mykje saman med kva som skjer med landbruket i distrikta. Jordbrukssjef Magne Fjeld i Finnøy kommune med 38 års erfaring som jordbrukssjef i ein av dei viktige landbrukskommunane i Rogaland, kor

landbruket spelar størst rolle for verdiskapinga, sysselsettinga og busettinga i kommunen, seier det slik: *Det er ikkje dei store bruka men dei mellomstore bruka eg er bekymra for.*

Dei regionalpolitiske måla for landbruket i Rogaland, jf. regionalplan landbruk.

- Auka matproduksjoen med mellom anna desse delmåla:
 - Landbruket i Rogaland skal halde oppe husdyrproduksjonen i sentrale område og styrkje husdyrproduksjonen i distrikta.
 - Mjølkeproduksjonen i distrikta i fylket blir vidareført med minst same volum som for år 2010.
 - Beitebruken av både småfe og storfe skal auke målt som beitande dyr og produsert mengde kjøt.
 - Styrka rekrutteringa .
 - Gjera distriktkommunane til attraktive stader å bu og leva.
 - Meir målretta bruk av bupliktsreglane kor strategien er ulik praktisering av buplikta i sentrale strøk kontra distrikta.

4. Fylkesrådmannen sine vurderingar Konsekvensar av å fjerne heile konsesjonslova

Kommunane mistar mykje av styringa over eigne ressursar. Kommunane mistar noko av moglegheitene til å utforma sin eigen busettingspolitikk.

Eit mangfald av eigarskap

Grunnstammane i konsesjonslova er det berekraftige familiebruket, den sjølveigande bonden, ein variert bruksstruktur og lokalt eigarskap. Det er den sjølveigande bonden med eit langsiktig forvaltarperspektiv, som har vore berebjelken i landbruket. Me høyrer bønder seia: Eg eig ikkje jorda. Eg forvaltar ho til neste generasjon. Forslaget om oppheving av konsesjonslova inneber eit skifte i dette verdigrunnlaget.

Ei fjerning av konsesjonslova opnar opp for alle typar eigarskap i landbruket, ikkje berre lenger den sjølveigande bonden. Det opnar opp for utanlandsk eigarskap av naturressursane. Forslaget om å fjerna konsesjonslova opnar for ei omorganisering av matproduksjonen vekk frå den sjølvstendige bonden over til eit selskapslandbruk med organisering av produksjonen i t.d. AS og store enkelteigarar. Det legg og til rette for såkalla vertikal integrering i verdikjeda kor matkjedene har all makta og kontrollerer alle ledda.

Lokalt eigarskap spelar ei rolle for kommunane sin motivasjon til å ta ansvaret som tilretteleggjar for næringsutvikling. Havbruksnæringa er eit godt døme på dette. Fleire og fleire kommunar er skeptiske til havbruksnæringa fordi kommunane ikkje får mykje att av verdiskapinga. *Med ei sentralisering og strukturendringar har ein svekka den lokale legitimiteten til næringa og kommunane sine ynskjer og vilje til å prioritera havbruk i kommuneplanlegginga (Frivoll og Rønningen, 2013).* Det er gjort undersøkingar som seier noko om kva som er den lokale verdiskapinga av havbruksnæringa. Det blir ikkje lokal verdiskaping om ikkje sysselsettinga fremjar og får til fast busetting. Tidlegare var havbruksnæringa ei småskala næring inne i fjordbotnane med lokalt eigarskap. No er mykje av havbruksnæringa ein storskala industri med eit eigarskap utan lokal tilknyting. Forslaget om å oppheva

konsesjonslova for erverv av landbrukseigedomar, legg til rette for ein liknande situasjon for kommunane når det gjeld landbruksnæringa.

Kommunane får færre verktøy i verktøykassa.

Det er ein samanheng mellom lokalsamfunnsutvikling og næringsutvikling. Konsesjonslova skal sikre storsamfunnet, kommunen som samfunn/fleire lokalsamfunn og næringa sine interesser.

Eit av føremåla med konsesjonslova er å sikre produksjonsareala til landbruket. Departementet seier dette omsynet vert godt ivareteke av plan- og bygningslova og jordlova. Fylkesrådmannen er samd i dette sidan plan- og bygningslova regulerer bruk og vern av areal og med ein eigen paragraf om at omsynet til jordvern er ei av dei viktige oppgåvene som kommunane skal ivareta i kommuneplanlegginga. Plan- og bygningslova erstattar likevel ikkje konsesjonslova. Konsesjonslova gir kommunane ein moglegheit til å ha ein eigedomspolitik som støttar opp under måla og utfordringane i kommunen.

Det er kommunane som har mynde til å avgjera spørsmålet om konsesjon eller ei. Det gjer at kommunane kan sjå eigedomspolitikken i samanheng med nærings- og arealpolitikken. Kommunane kan bruka lova differensiert og målretta i høve alle omsyna som konsesjonslova seier kommunen skal leggja vekt på og i tillegg kan kommunen vurdere lokale omsyn for å ivaretake både samfunnsinteressene og næringsinteressene i landbruket.

Ein av grunnane for forslaget om å fjerna konsesjonslova er i følgje departementet: *Videre kan markedsbegrensinger gjøre det vanskeleg for aktive næringsutøvere å få kjøpt tilleggsjord, noe som igjen på sikt kan svekke mulighetene for effektiv og rasjonell landbruksdrift.* Konsesjonssaka i Gjesdal kommune (sjå brev frå Landbruksdirektoratet dagsett 16. oktober 2014) er eit døme på at dette ikkje stemmer. Saka er eit godt døme på at konsesjonslova klarer å ivaretake både samfunnet sine interesser og landbruksnæringa sine interesser. Ho sikrar produksjonsareal til jordbruket og eigar og bruksforhold som er mest ganglege for samfunnet.

Grunngjevinga for avslaget er at eigedomen som sjølvstendig eining ikkje vil gi tenlege eigar- og brukstilhøve. *Det er etter vårt syn en bedre driftsmessig løsning at eiendommen blir solgt som tilleggsjord til nabobruk i drift. Det er behov for tilleggsjord i området, tilleggsjord som vil kunne bidra til styrking av bosettingen og landbruksproduksjonssjønsmiljø i kommunen. Vi viser i den sammenheng til at det er flere naboeiendommer som er interessert i å kjøpe....*

Grunngjevinga for avslaget viser at konsesjonslova medverkar til å styrka landbruket og matproduksjonen. Kommunen kan vurdere og avgjera om det er trong for tilleggsjord eller ei. Reglane om staten sin forkjøpsrett til tilleggsjord er ikkje med i konsesjonslova lenger. Ei oppheving av konsesjonslova gjer at det ikkje vert tatt slike vurderingar om kva som er dei lokale samfunns- og næringsinteressene og om kva som vil vera gode driftsmessige løysingar.

Konsesjonslova er eit av verkemidla i den regionale landbrukspolitikken, under tema landbrukstilknytt samfunnsutvikling. Konsesjonslova skal ivaretake omsynet til busetting. Konsesjonslova heimlar at kommunen kan lage ei eiga forskrift om

nedsett konsesjonsgrense for bebygd eigedom i heile eller delar av kommunen. Intensjonen er å styrke fast busetting, sikre ein forsvarleg pris på bustadhus (marknadsprisen for fritidsbustader er mykje høgare) og tilflytting. Det å ha fast busetting i distrikta og eit levande bygdemiljø spelar ei rolle for motivasjonen i og utviklinga av landbruksnæringa.

Det er eit stort spørsmål om kva som har skulda for kva. Det er ingen som er usamde i at det står for mange tomme gardsbruk spreidd ikring i landet. Fylkesrådmannen stiller seg tvilande til om det blir lys og liv i alle desse om berre ein fjernar konsesjonslova. Det er kjend at det relativt sett er flest landbrukseigedomar utan fast busetjing i område med spreidd busetjing og færrest i storbyregionar. Regionalplan for landbruk i Rogaland slår fast at det er eit stort potensiale i å få fleire til å busetje seg på landbrukseigedomar. Regionalplanen seier og at det ikkje er konsesjonslova med priskontroll og buplikt som gjer det vanskeleg å få busetjing i dei tomme gardsbruka. Det er kjensler og tradisjonar. Det er ofte lite aktuelt for eigar å selje garden ut av familien trass i at dei korkje bur eller driv der. Eigedomen kan ha vore i familien i generasjonar men blir no berre nytta til feriestad medan jorda blir leigd bort.

Set større fart i sentraliseringa og strukturasjonaliseringa og mindre produksjon av mat?

Det overordna målet både i statleg og regional landbrukspolitikk er å ta heile landet i bruk. Det er og eit overordna mål å leggje til rette for ei utvikling som aukar produksjonen av mat. Målet om å ta heile landet i bruk heng saman med det overordna målet i regional- og distriktpolitikken om å oppretthalde hovudtrekka i busettingsmønsteret. Målet om å auka matproduksjonen heng saman med omsynet til samfunnstryggleik og sjølvforsyningsgrad.

Spørsmålet er kva som er dei beste verkemidla og styringsmekanismar for å klare å nå desse måla? Regulering eller deregulering? Politisk styring eller marknadsstyring?

Talet på tomme gardsbruk viser at strukturasjonaliseringa og sentraliseringa har halde på ei god stund. Fylkesrådmannen meiner ei fjerning av konsesjonslova vil setja større fart i denne utviklinga. Ein av hovudstrategiane for å få auka matproduksjon i Rogaland er ei auka bruk av beite- og utmarksressursane i distrikta. Dette er ikkje i samsvar med ein større fart i sentraliseringa og strukturasjonaliseringa. Det inneber truleg at Rogaland ikkje klarer å nå målet om å om å auka matproduksjonen.

Driveplikta gjeld sjølv om ein fjernar konsesjonslova. Driveplikta kan oppfyllest med å leie ut jorda. Å fjerne konsesjonslova medverkar truleg til å auke omfanget av leiejord. Noko som ikkje legg til rette for ei effektiv og rasjonell landbruksdrift, ei heller auka produksjon av mat og ei heller levande lokalsamfunn i distrikta.

I eit jordbruksfagleg perspektiv vil ikkje dette auka produksjonen av mat. Det er ikkje same motivasjonen til å investere, skjøtte, vedlikehalde og drive godt på leiejord. Det er slått fast at fagmiljø er med å motiverer til rekruttering og god drift. Fjerning av konsesjonslova og med ei driveplikt som kan oppfyllest med å leie bort jorda, er ikkje med å opprettheld eit sosialt og fagleg landbruksmiljø i dei såkalla utkantane.

Ei fjerning av konsesjonslova inneber at landbrukseigedomar vert seld til marknadspris. Det legg til rette for spekulasjon for å utnytta landbrukseigedomene til noko anna enn produksjon av mat. Det stimulerer ikkje til ei styrka og auka rekruttering til næringa. Marknadspris inneber ei svekka investeringsevne og investeringsvilje i ei effektiv og rasjonell landbruksdrift. Landbrukseigedomane kan verta seld for ein så høg pris at det er lite og ingenting att å gå på til å investera i eit effektivt og rasjonelt driftsapparat.

Konsesjonslova gjer at kommunen sjekkar ut prisen på landbrukseigedomene. Kommunen sjekkar om prisen gjer det mogleg og motiverande for bonden som har kjøpt garden, til å gjera investeringar og vedlikehald som krevjast for eit godt liv og ein effektiv og rasjonell matproduksjon. Føremålet med priskontrollen er at landbrukseigedomar vert kjøpt og seld til ein pris som medverkar til å realisera måla i landbrukspolitikken. I Rogaland er det press på produksjonsarela til landbruket til andre føremål enn matproduksjon. På Nord Jæren er landbrukseigedomar attraktive til utbyggingsføremål medan i dei andre regionane, er landbrukseigedomar attraktive til fritids- og rekreasjonsføremål.

5. Konklusjon

Høyringsnotatet frå LMD er ikkje særleg utgreia og opplyst når det gjeld kva konsekvensar forslaget har for måla i landbrukspolitikken om auka matproduksjon, styrka rekrutteringa til landbruket og å ta heile landet i bruk. Det er hellet ikkje utgreia og opplyst når det gjeld kva konsekvensar forslaget har for måla i regional- og distriktspolitikken om å oppretthalda hovudtrekka i busettingsmønsteret, jf. busettingsomsynet i konsesjonslova.

Rogaland er delt i to når det gjeld jordbruket: Jæren og distriktslandbruket. Fylkesrådmannen meiner ei fjerning av konsesjonslova vil medverka til sær negative konsekvensar for distriktslandbruket (Haugalandet, Dalane og Ryfylke).

Landbruket i Rogaland er viktig for staten fordi det blir produsert mykje mat i Rogaland. Samfunnstryggleik og sjølvforsyningsgrad. Landbruket i Rogaland er viktig for verdiskapinga i Rogaland. Det er dokumentert i to rapportar kor den eine handlar om kva landbruket betyr for verdiskapinga i kommunane og den andre om kva landbruket spelar for rolle for verdiskapinga i næringsmiddelindustrien.

Ein av dei fem viktige drivarane for nyskaping og utvikling i Rogaland er naturressursane, jf. regionalplan for næringsutvikling. Rogaland er svært avhengig av oljeøkonomien. Samanlikna med oljeøkonomien er landbruksøkonomien ei mykje meir langsiktig og berekraftig næring for sysselsetting, busetting og det gode liv i heile Rogaland. Landbruket er i bioøkonomien (utnytte fornybare ressursar) som på lang sikt skal erstatta oljeøkonomien (ikkje fornybare ressursar). I mange av distriktskommunane spelar landbruket ei stor og avgjerande rolle for busetjinga og levande lokalsamfunn. Landbruket i distriktskommunane spelar og ei stor rolle for å nå målet om å auka matproduksjonen.

Fylkeskommunen har ein regional landbrukspolitikk og skal leggje til rette for ein balansert utvikling av landbruket i alle regionane i fylket. Fylkesrådmannen kan ikkje

sjå at ei fjerning av konsesjonslova vil vera med å oppfylle dei regionalpolitiske måla for landbruket i Rogaland.

Fylkesrådmannen meiner ei fjerning av konsesjonslova ikkje legg til rette for ein auka matproduksjon, ei heller styrkar rekrutteringa til næringa. Ei fjerning av konsesjonslova opnar opp for alle typar eigarskap og tek frå kommunane styringsmoglegheitane over eigne ressursar og moglegheitene for politikkutforming til beste for samfunnsinteresser, næringsinteresser og regional og lokal verdiskaping. Busetjing er viktig for lokal og regional verdiskaping, jf. undersøkinga av havbruksnæringa.

Fylkesrådmannen er heilt samd med LMD at det ideelt sett må vera bulysta og ikkje buplikta som styrer. Fylkesrådmannen meiner likevel det må vera buplikt på landbrukseigedomane for å sikre god landbruksdrift og unngå at omfanget av leiejord aukar. Fylkesrådmannen meiner og at ein ikkje må fjerna moglegheitene for kommunane til å vurdera eigne forskrifter om nedsett konsesjonsgrense som eit verktøy for å styrka busettinga i heile eller delar av kommunen.

Forslag til vedtak:

Rogaland fylkeskommune støttar ikkje forslaget om å fjerna konsesjonslova. Det er ikkje i samsvar med landbrukspolitikken i Rogaland. Landbrukspolitikken i Rogaland er forankra i regionalplan landbruk. Ei fjerning av konsesjonslova vil gjera det vanskelegare for Rogaland å oppfylle dei regionalpolitiske måla for landbruket i Rogaland.

Trond Nerdal
fylkesrådmann

Norvald Skretting
næringssjef

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.